

Sykkylven kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Varselbrev til naboar og offentlege instansar m.fl. ved oppstart reguleringsarbeid.

Dato: Ålesund 30.06.17
Vår ref: Lesley Robinson
Dykkar ref: Arild Sunde Rinnan

Varsel oppstart detaljregulering sentrumsskule Sykkylven, gnr./bnr. 14/12 m.fl.

I medhald av Plan- og bygningslova §12-8 varslar vi med dette oppstart av arbeid med detaljregulering av ny sentrumsskule Sykkylven, gnr./bnr. 14/12 m.fl. Samstundes leggast planprogram ut til høyring etter Plan- og bygningslova §12-9.

Reguleringsarbeidet blir utført av Nordplan AS avd. Ålesund, på vegne av Sykkylven kommune. Kontaktperson i kommunen er arealplanleggar Arild Sunde Rinnan.

1. Bakgrunn

Bakgrunnen for planarbeidet er vedtak om å bygge ny sentrumsskule i Sykkylven. Kommunestyret fatta i 2013 vedtak om at Bakkeøyane (i hovudsak gnr./bnr. 14/12) skulle velgast som tomt til ny barneskule for Sykkylven.


Den 15.06.17 møtte Nordplan AS til eit oppstartsmøte med Sykkylven kommune om regulering av skuletomta på Bakkeøyane. Det ligg ved dette oppstartsvarselet eit møtereferat frå oppstartsmøtet.

2. Hensikten med planen

Reguleringsforslaget omfattar tiltak/formål knytt til ny barneskule med idrettshall (gymsal), hovudsakleg innanfor gnr./bnr 14/12. Arbeid med reguleringsplanen skal avklare kva for område som skal inngå som skuleområde og vegløyningar (bil, gang-sykkel/bru, parkering). Planen si avgrensing er romsleg definert i dette oppstartsvarselet, for å vere fleksibel nok til å gjennomføre naudsynte tiltak for tilkomst og trafikk-løyningar. Det er og tatt med område på sørsida av Aureelva for eventuelt å ha moglegheit til å kunne realisere køyrevegen planlagd i kommunedelplanen, samt for å knytte idrettsområdet saman med det planlagde skuleområdet.


Aureelva med tilgrensande kantsonereale vil ikkje bli berørt anna enn ved eventuell avgrensa tilkomst over elva, og eventuell gangveg/tursti langs elva.

Intensjonen med reguleringsarbeidet er i tråd med overordna plan. I kommunedelplanen for utvida sentrumsområde er planområdet si hovuddel sett av til offentleg formål (området nord for Aureelva ligg som LNF i plankart, men er godkjend som byggeområde for skule, ref. «Trekking av motsegn, areal O6, ny skuleomt i Sykkylven, 03.09.13.)




Utsnitt av gjeldande kommunedelplan for utvida sentrumsområde for Sykkylven, godkjend 28.06.13. Kartet viser planområdet i hovudsak sett av til LNF-område (lys grønt område), men det er godkjend som byggeområde for skule ref. «Trekking av motsegn, O6, ny skuleomt i Sykkylven, 03.09.13». Tjukk raud strek (ved teksten V4) viser veg gjennom planområdet (framtidig) som er sett av i kommunedelplanen.

3. Planen si avgrensing og tilgrensande planar




Planavgrensing (raud strek), romsleg definert for å ha fleksibilitet med omsyn til tilkomst og gangtilkomst/-bru til skulen. Eigedom 14/12 m.fl.

Tilgrensande planar er «Aure Aust» som viser arealet sør for Aureelva som er sett av til hovudsakleg friområde (m.a. idrettsanlegg) og offentleg formål (m.a. idrettshall). Nord for planområdet er planlagt g/s-veg langs Dalevegen som vist på detaljplanen for «gang-/sykkelveg Grebstaddalen».



Gjeldande regulering «Aure Aust» som viser areal sør for Aureelva. Oversendt frå Sykkylven kommune.



Detaljplan gang-sykkelveg Grebstaddalen, 28.02.89. Oversendt frå Sykkylven kommune.

4. Planprogram

Vedlagt ligg oppstartsmøtereferat for oppstartsmøtet på Rådhuset den 15.06.17 i anledning saka. For å klargjere utgreiingsbehovet i saka, er det beslutta at det skal leggjast ut eit planprogram til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart (kunngjeringsannonse i Sykkylvsbladet) for å avklare dette. I 2013 blei det av Norconsult utarbeidd ein forenkla konsekvensutgreiing av 4 valde tomter i sentrum. Denne tar føre seg ei rekke tema som til vanleg blir utgreid i ein konsekvensutgreiing (KU). Sjå elles planprogrammet for moglege tema som må utgreiast nærare.

5. Framdrift og prosessen videre

Dette brev varsler berre at reguleringsprosessen er i gang. Vi skal etter varslingsperioden jobbe vidare med planforslaget før planen kan leggest ut til offentleg ettersyn.

Berørte partar har rett til å kome med innspel/merknadar ved oppstart av reguleringsforslaget. Alle innkomne merknadar vil bli vurdert og deretter kommentert i saksframstillinga. Når planforslaget er ferdigstilt, skal det behandlast i det faste utvalet for plansakar, som så legg planen ut til offentleg ettersyn i minimum 6 uker. Då vil planforslaget vere godt belyst i form av ein planomtale med ROS-analyse (og ein evt. KU innarbeidd i omtalen), og reguleringsføresegner og reguleringskart vil foreligge. Publikum og berørte partar har rett til å uttale seg om saka også ved offentleg ettersyn. Tidspunkt for dei ulike fasane i saksgangen er vanskeleg å antyde nøyaktig. Kommunen varsler berørte partar skriftleg, samt kunngjer i lokalavis når det er tid for offentleg ettersyn, i tillegg til å legge saka ut på kommunen si eiga nettside.

Frist for innspel/merknadar til oppstartsvarsel og planprogram

Oppstart reguleringsarbeid og høyring av planprogram vil bli kunngjort i «Sykkylvsbladet» i uke 27. Oppstartsvarsel leggest også ut på www.nordplan.no/kunngjeringar. Varslingsperioden settast til 6 veker grunna ferietid. Vi ber derfor om å få tilsendt evt. innspel/merknadar **innan 16.08.17**.

Innspel/merknadar må sendast skriftleg til Nordplan AS avd. Ålesund v/ Lesley Robinson, Notenesgata 14, 6002 Ålesund, evt. pr. e-post til lr@nordplan.no.

Med venleg hilsen
for Nordplan AS



Lesley Robinson
Sivilarkitekt MNAL tlf 90 84 02 90
lr@nordplan.no

Vedlegg Møtereferat frå oppstartsmøtet i Sykkylven kommune, datert 19.06.17
 Planområdet si avgrensing
 Planprogram